

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020**

**Natalia Golis (MDG)** sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune meiner at dei føreslårte endringane i regelverket gir monaleg risiko for store negative verknader på miljøet med stor risiko for skade på naturmangfaldet, og at dei forventa positive effektane for næringa vil vere mindre enn det som er lagt til grunn.

Både miljøet og næringa vil vere tent med at dagens praksis der alle lokalitetar har utsleppsløyver vert vidareført, der Fylkesmannen kan krevje miljøundersøking der det trengs.

Vestland fylkeskommune meiner Fylkesmannen/Statsforvaltaren skal få den nødvendige tida til sakshandsaming og tilrår at tidsfristar blir lang nok til at sektormyndighet kan kreve nye opplysingar eller undersøkingar for å vurdere ein søknad, minimum 6 veker.»

### **Avrøysting**

Golis sitt forslag fekk 3 røyster (MDG og SV) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (MDG og SV).

### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune er positiv til den føreslegne endringa der det generelle prinsippet er at akvakultur av fisk, ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja, som hovudregel skal vere tillate utan enkeltvedtak etter forureiningslova. Omsyna vert då ivaretakne gjennom krav i akvakulturdriftsforskrifta, og ved særlege tilhøve, gjennom eit ordinært løyve etter forureiningslova. Vestland fylkeskommunen forventar at dei føreslegne endringane vert rasjonelle i sin bruk for både forvaltninga og næringa.

Vestland Fylkeskommune er i høyringa spesifikt beden om å uttale oss til dei to ulike forslaga til endring i tidsfristforskrifta. Miljødirektoratet føreslår ei endring som gjev Fylkesmannen ein frist på 6 veker, medan Fiskeridirektoratet føreslår at dagens 4 vekers frist vert oppretthalden. Vestland fylkeskommune meiner at det er den totale sakshandsamingstida som er viktig og ser difor ikkje grunn til å ha ein sterk preferanse for eit av forslaga.